

Arkiv: <arkivID><jplID> FA-C00, FE-243, TI-&88
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 18.05.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
040/21	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	08.06.2021

Tilskot til nærmiljø- og friluftslivsanlegg i privat eige

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot på 30 000 kroner slik det kjem fram av saka.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.06.2021:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 040/21 Vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot på 30 000 kroner slik det kjem fram av saka.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur.

Bakgrunn

Alver kommunestyre vedtok i møte 19. desember 2019 retningslinjer for kommunale tilskotsordningar til kultur, idrett og friluftsliv, som omfattar fleire ulike tilskotsordningar innan kultur- og idrettsfeltet.

Den totale ramma for tilskot innan kultur- og idrett er 7 700 000 kr i 2021, inkludert avtalefesta tilskot og løpande ordningar. I 2020 var tilsvarende ramme kr 7 700 000

Denne saka gjeld fordeling av midlar for ordninga «*Tilskot til nærmiljø- og friluftslivsanlegg i privat eige*», som hadde søknadsfrist 01.03.2021.

Retningslinjene seier at ordninga skal støtte mindre anlegg for eigenorganisert aktivitet og friluftslivsaktivitetar. Ordninga kan gjelde som periodiske satsingar. Ein kan ikkje få tilskot til reine leikeplassar. Det er sett av 30 000 kroner til fordeling i denne søknadsrunden. I 2020 vart det fordelt 20 000,- til ordninga

Saka har vore på høyring til idrettsrådet.

Saksopplysningar

Uttale idrettsråd

Alver idrettsråd rå til tilskot i samsvar med framlegget frå kommunen.

Vurdering

Innstillinga er utarbeida etter tidlegare vedtekne retningslinjer for denne tilskotsordninga.

Innstilling

<u>Søkjar</u>	<u>Totalkost.</u>	<u>Søknadssum</u>	<u>Innstilling</u>	<u>Merknad</u>
Dalemarka velforeining			0	Leikeplass
Øvrebøen boliglag			0	Leikeplass
Mjåtveitmarka velforeining	877 000	100 000	30 000	